

Adm. dir. Geir Barvik:

Husbanken er open og brukarorientert

Ein open Husbank

I denne årsrapporten brukar vi døra som eit symbol både for eit hus og på delen som speglar heilskapen. Heilskapen blir skapt av bustaden der du kjenner deg heime og som er tilpassa behova dine.

Heilskap i form av resultat blir oftast skapt gjennom samyrke. Saman med kommunane utgjer Husbanken ein heilskap i gjennomføringa av bustadpolitikken. Det er generelt viktig med god balanse og godt samspel for å få til dei politiske resultata som ein ønskjer. Det gjeld også på det bustadpolitiske området. Derfor har Husbanken i endå sterkare grad enn før sett samarbeidet med kommunane i sentrum. Vi set døra vår på vid vegg !

Med open dør meines det at Husbanken er ei dør inn til dei gode bustadløysingane, til ei finansiering av bustaden som folk flest kan leve med, til ein tryggleik for å kunne behalde bustaden. Ein Open Husbank er stikkordet for korleis vi ønskjer å møte brukarane og samarbeidspartnarane våre. Det skal vere lett å vende seg til Husbanken, finne fram til det som måtte vere relevant for kvar einskild, og bli nøgd med dei verkemidla og den kompetansen Husbanken kan tilby. Så er det vår von at alle dei som vender seg til oss, som bruker Husbanken, verkeleg finn ei open dør – til dei gode bustadløysingane!

Ein moderne Husbank

Offentleg forvaltning er i sokjelyset når det gjeld modernisering og utflytting av arbeidsplassar. Husbanken har møtt desse utfordringane på ein offensiv måte og vore tidleg ute i utviklinga. Effektiviteten vår har auka, og i tråd med moderniseringsprogrammet til regjeringa har vi delegert og desentralisert. Kunderett oppgåver er overførte til regionkontora, og samarbeidet med kommunane har som sagt auka monaleg. Prosjektet "Open Husbank" byrja som eit IT-prosjekt, men er utvida til eit sentralt program for å gjere banken enklare og meir tilgjengeleg for brukarane i alle samanhengar. Husbanken ønskjer å stå fram som open og brukarorientert, og vi vil utvikle oss til å bli eit kompetanse- og kraftsenter på bustadområdet i endå større grad.

Vår politiske leiing har reist spørsmålet om ein mogleg ny lokalisering av verksemda vår i Oslo. Denne problemstillinga har vi møtt med ei open haldning og vilje til fleksibilitet. Både administrasjonen og hovudstyret ser det som realistisk at delar av verksemda kan bli lokaliserte andre stader, dersom det er ønskeleg frå regjeringa si side. Når ein skal ta avgjerd om dette, er det likevel viktig å vurdere nøye konsekvensane for bustadpolitisk måloppnåing og omsynet til mest mogleg effektiv drift.

Ein velferdssorientert Husbank

Husbanken har tradisjonelt medverka til bustadforsyning til folk flest. Men aktiviteten har dei siste åra dreia meir i retning av å medverke til gode bustadløysingar for vanskelegstilte. Bustadløysingar for flyktninger og bustadlausne har vorte spesielt prioritert det siste året. Vi har også hatt sokjelyset på butryggleik, og vi gir økonomisk rådgiving og finn fleksible løysingar for dei brukarane som treng det. Dessutan vil eg understreke kor viktig arbeidet vårt med å forbetre den statlege bustøtteordninga er. Denne ordninga gir meir enn 100 000 husstandar sjansen til å skaffe seg ein tilfredsstillande bustad og bli buande

der. Meir delegering av oppgåver og ansvar til regionkontora og fleksibel organisering gir større sjanse til å sjå verkemidla i samanheng til beste for kvar einskild brukar og for den samla bustadpolitiske måloppnåinga.

Ein samarbeidande Husbank

Husbanken er statens viktigaste bustadpolitiske instrument. Samtidig er det ei kjend sanning at gode resultat ikkje kan nåast berre gjennom innsats frå Husbanken. Vi er avhengige av aktive medspelarar for å få til dei resultata vi ønskjer hos brukarane. Kommunane har vore ein viktig – og blir ein stadig viktigare – samarbeidspartner for Husbanken. Utan den bustadpolitiske innsatsen frå kommunane vil det vere heilt umogleg å nå dei ambisiøse måla det offentlege har sett for bustadpolitikken.

Husbanken skal ha ei rolle som tilretteleggjer og rettleiar overfor kommunane. Det er kommunane som kjenner bustadbehovet til innbyggjarane best. Det nye startlånet som vart innført i 2003, blir fordelt frå Husbanken til kommunane, som vidarefordeler det til innbyggjarane sine. Dermed kan dei lokale bustadløysingane bli endå betre enn om Husbanken skulle stå for finansieringsløysinga aleine. Denne utviklinga endrar rolla vår frå å vere produksjonsorientert til å bli meir kunnskapsorientert. Vi er svært medvitne om utviklinga og har mellom anna utvikla eit nytt kompetanseprogram for dei tilsette som vart starta opp i 2002, og som det vil bli lagt endå større vekt på i 2003.

Ein supplerande bank

Dersom ein husstand kan få lån i den private kreditmarknaden til kjøp eller oppføring av bustad, bør ikkje Husbanken blande seg inn. På den andre sida bør vi kome inn i biletet dersom ein bustad som skal oppførast, har spesielle kvalitetar som det er vanskeleg å finansiere på annan måte. Når det gjeld finansiering av ny bustadbygging, ønskjer vi å prioritere små, berekraftige bustader i pressområda.

Vi skal også stille opp der folk ikkje får lån i den private kreditmarknaden. For førstegongsetablerarar er det kommunane som skal hjelpe til med startlåna. For spesielt vanskelegstilte er det også aktuelt å gi tilskot, anten direkte frå Husbanken til å etablere utlegebustader eller frå kommunane til bustadtablering eller til tilpassing av bustaden for eldre og rørslehemma.

Husbankens visjon

Alle skal kunne disponere ein god bustad i eit godt buming.

Hovudmål

- God bustaddekkning og ein bustad-og byggjemarknad som fungerer godt
- God bustadfordeling
- Gode bustader, god byggkvalitet og godt buming
- Butryggleik
- Ei funksjonell og rettferdig organisering av eige-og leigeforhold

Ein fullstendig årsrapport for Husbanken finst på CD-rom på 3. omslagsside bak eller kan lesast på nettsidene våre. Denne trykte rapporten er ein kortversjon som femner årsmelding frå hovudstyret og rekneskap, intervju med administrerande direktør, artiklar som kastar lys over banken si verksemd og nøkkeltal. Ei utgreiing om måloppnåinga innafor dei bustadpolitiske hovudområda vil ein altså finne på nettsidene våre eller på vedlagte CD-rom.

Innhald

Husbankens visjon	2
Historikk og satsingsområde framover	3
Høgdepunkt	3
Intervju med adm. dir. Geir Barvik	4
Årsmelding frå hovudstyret	6
Rekneskap	16
Revisjonsmelding	23
Alternativ til hospits og bustadløyse i bydel i Oslo	24
Flyktninger får hjelpe av kommunen og Husbanken til å etablere seg	26
Kommunale utleigebustader for unge funksjonshemma	28
Høylandet rehabiliteringssenter	30
Daletunet omsorgssenter: Eit stort lyft for dei eldre	32
Organisasjon	34
Styre og geografisk inndeling	35
Hovudtal	36
Fullstendig årsmelding på cd-rom	37

Historikk og satsingsområde framover

Husbanken 1946–2002


Den Norske Statens Husbank vart grunnlagd i 1946 med sosial bustadbygging og etterreising etter krigen som hovudføremål. Banken har sidan vore breitt inne på bustadmarknaden, og i 1999 vart bustadnr. 1 million finansiert med oppføringslån.

Oppføringslånet har vore eit sentralt verkemiddel for å oppnå god bustaddekning, men andre låneordningar har òg vore viktige. På 1960 og 1970 – talet fekk bustadene arealtilskot i tillegg til oppføringslån. Arealtilskotet etterfulgde ei ordning med refusjon av omsetnadsavgift og meirverdiavgift. Tilskotet vart avvikla i 1982.

Dei mest kjende låna, i tillegg til oppføringslånet, er utbetringslån (1969), lån til barnehagar (1969) og til andre miljøtiltak (1969–1994), etableringslån (1972) og kjøpslån (1977). Frå 1. januar 2003 er etableringslån og kjøpslån erstatta med startlån.

Felles for låna var at det vart gitt monalege rentesubsidiar til dei einskilde låntakarane. Frå 1996 av er låna gitt utan rentesubsidiar med marknadsbasert rente. Den tillita staten har på länemarknaden, har likevel ført til at utlånsrenta har lege lågare enn i rentemarknaden elles.

Husbanken administrerer òg ei rad tilskotsordningar. Bustøtta er den viktigaste, og denne ordninga skaper butryggelik for over 100 000 husstandar. Andre tilskot er utbetringsstilskot på sosialt grunnlag, no tilskot til tilpassing (1977), tilskot til byfornyng



(1981) og bustadtilskot til etablering og utleige (1982). Dei nyaste tilskotsordningane er oppstartstilskot og kompensasjonstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimar (1994 og 1998), kvalitetstilskot (1996), tilskot mot radon (2001) og kompensasjon for oprutting av skulebygg (2002). Husbanken har store oppgåver når det gjeld rettleiling, utviklings- og informasjonsverksemd. Dette blir brukt saman med dei økonomiske verkemidla for å nå dei bustadpolitiske måla. Banken har òg ansvaret for det statlege arbeidet med god byggjeskikk.

Bustadsektoren har utvikla seg til å bli stadig mindre regulert og meir marknadsorientert. Husbanken har likevel ei viktig oppgåve i å medverke til gode samfunnsøkonomiske løysingar som ikkje marknaden åleine kan få til.

Strategiske val

Husbanken har i aukande grad satsa på å vere tidleg ute i arbeidet med bustadutvikling og planlegging. Arbeidet med bustadsosiale handlingsplanar i kommunane er eit godt døme på det. Husbanken har i den strategiske planen sin peikt ut desse hovudutfordringane for arbeidet i åra framover:

- Rette opp uhedige marknadsverknader
- Gjere det lettare å etablere seg for ungdom og vanskelegstilte grupper
- Få til betre utnytting av den eksisterande bustadmassen
- Medverke til å få lagt meir vekt på berekraftig bustadbygging, utbetringsstiltak og godt bygningsmiljø.

Høgdepunkt

- Nærmore 10 000 husstandar fekk etableringslån av kommunen.
- Rekordmange oppstartstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. Dei 11 600 einingane var godt over måltalet.
- Husbanken gav tilskot til mange utlegebustader – over 500 av dei var til flyktningar
- Regionkontora fekk i 2002 ansvar for bustøtta innanfor sitt geografiske område.
- Husbanken medverkar til å redusere radonnivået i privatbustader – beløpsgrensa fordobla til 40 000 kr frå 1. juli.
- Husbankens utlånsmasse passerte 100 mrd. kroner for første gong.
- Framleis små tap i Husbanken, berre 0,01 prosent av utlånsmassen.
- Husbankens fagdag 13. juni – Bustad- og tenestetilbod for bustadlause. Over 280 personar frå kommunar, statlege instansar og organisasjonar.
- Konferansen Bostedsløshet i Norden samla rundt 125 deltakarar frå heile Norden 14.og 15. november i Oslo.

- Frå 1. september vart sunnmørskommunane overførte frå regionkontoret i Bergen til regionkontoret i Trondheim.
- Nytt regionkontor for Agderfylka og Telemark etablert i Arendal. Frå 2. desember var kontoret i drift.
- Byggjeskikkprisen – Byrom i Bergen. I 2002 vart Statens byggjeskikkpris delt ut for 20. gong. Kommunal- og regionalminister Erna Solberg stod for pris- og diplomutdelinga i Oslo Konserthus 20. juni.
- I november var nettbanken til Husbanken på lufta. Kundane kan på eige hand hente ut detaljerte opplysningar om låneforholdet sitt.
- Huskestua 2002 vart arrangert i november på Lillestrøm. Alle tilsette i Husbanken var samla til fagleg og sosialt samvere. Det faglege fokuset var på modernisering og samarbeid med kommunane.
- Startlån erstattar etableringslån og kjøpslån i 2003.

*Pars pro toto var dei gamle
latinane sitt uttrykk for at delen
avspelar heilskapen.*

Ein framtidsrettet bank

Bustadpolitikken skal drøftast i Stortinget hausten 2003 når den nye bustadmeldinga skal leggjast fram, og svært mykje tyder på at Husbanken framleis skal vere statens gjennomføringsorgan for offentleg bustadpolitikk.

Vi held fram med moderniseringsarbeidet i tråd med regeringa si vektlegging av delegering, effektivisering og kundeorientering. Vi har delegert kunderetta oppgåver til regionkontora våre, medan hovudkontoret har kontakt med overordna styresmakter og tek seg av service- og koordineringsoppgåver overfor regionane.

I 2002 etablerte vi eit eige regionkontor

i Arendal som vil gi ytterlegare forbeting av kundeservice og nærliek til kundar og marknad.

Opprettinga av Regionkontor Oslo i 2003 vil reflektere ei ytterlegare prioritering av banken si verksemeld i pressområda, som har mange av dei største utfordringane når det gjeld å skaffe bustad til dei forskjellige befolkningsgruppene.

Vi er førebudde på å gjere ein innsats for å vidareutvikle dei bustadpolitiske verkemidla slik at måloppnåinga blir betre og samhandlinga mellom kommunane og Husbanken går enda greiare.

Startlånet må evaluerast og vidareutviklast, og den statlege bustøtteordninga må i større grad bli tilpassa dei kommunale ordningane og sosialhjelpa. Oppføringslånet trur vi i endå større grad må spissast mot bustadområde der miljø, berekraft og universell utforming er sterkt vektlagde, og der privat finansiering ikkje gir gode nok løysingar.

Årsmelding frå hovudstyret

1 Satsingsområde i 2002 og vegen vidare - samendrag

Husbanken si rolle

Det er brei semje om at Husbanken skal ha ei sentral rolle i bustadpolitikken. Dette blir stadfest av regjeringa i statsbudsjettet for 2003 og i budsjettforliket med Framstegspartiet. Samfunnsutviklinga og rammevilkåra endrar seg raskt og krev omstilling også av Husbanken. Fleksibilitet og evne til endring er ei hovudutfordring for banken i tida som kjem.

Regionalisering og delegering

Regjeringa har sett i verk eit omfattande moderniseringaprogram innanfor offentleg sektor med tanke på effektivisering og forenkling. Husbanken har vore med tidleg i dette arbeidet og er alt godt i gang med prosjekt som vil gjere banken enklare og meir tilgjengeleg for kundane. Det blir gjennomført ei omfattande

delegering av oppgåver og styringsrett til regionkontora, og detaljert regelverk blir erstatta av målstyring.

Fokus på vanskelegstilte

Husbanken har fått eit aukande ansvar for å sikre eit godt bustadtilbod til dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden – med særleg sekjelys på bustadlause og flyktningar.

Samtidig skjer det ei viktig endring i tilbodet av lån til unge i etableringsfasen gjennom introduksjonen av startlån. Det nye startlånet skal erstatte kjøpslån og etableringslån i 2003, og kommunane får ansvaret som førstelinje overfor den einskilde bustadsökjaren. Opgåva til Husbanken vil bli å bistå kommunane, slik at startlånet skal verke etter intensjonane.

Hovudstyret har fremja forslag om forbetringar av bustøtterordninga og utviding av bustadtilskotet, slik at mellom andre vanleg ungdom lettare kan få seg bustad. Styret meiner framleis at regjeringa bør løyve meir til desse ordningane.

Kompetansesenter for kommunane

Endå storre vekt på rolla som tilretteleggjar og rettleiar overfor kommunane, og styrking av funksjonen som kompetansesenter, vil krevje både omstilling og ei monaleg satsing på kompetanseutvikling. Organisasjonen vil til ein viss grad måtte endre rolla frå å vere produksjonsorientert til å bli kunnskapsorientert. Betre utnytting og utvikling av vår menneskelege kapital må til for å lykkast. Hovudstyret er tilfreds med at banken har utvikla eit kompetanseprogram, som kom i verksemd i 2002. Dette programmet må få eit særskilt lyft i 2003 dersom banken skal makte den omfattande omstillinga han står framfor.

Open Husbank

Som eit ledd i moderniseringa vil hovudstyret også peike på utviklingsprogrammet "Open Husbank". Dette programmet er heilt sentralt og eit mønster for korleis banken ønskjer å stå fram overfor brukarane i alle samanhengar. Det syner samtidig retninga for utviklinga av bedriftskulturen i Husbanken.

Programmet har som mål å gjere Husbanken

- enklare
- meir tilgjengeleg
- til eit kompetansesenter på bustadområdet

Programmet omfattar mellom anna tiltak innanfor områda nettbank, elektronisk søknadsbehandling, informasjonsbank for bustadbygging og -etablering, bedriftskultur og kundeorientering.

Prioriteringar

Både når det gjeld lån og tilskot, har banken gjort klare prioriteringar i 2002 – med særleg vekt på bustader til bustadlause og flyktningar. Til støtte for arbeidet med busetting av dei bustadlause, er det sett i gang eit prosjekt for vurdering av metodar og modellar. Prosjektrapport vert avgitt i 2004. Flyktningar er ei gruppe som det særleg vart sett søkjelys på i 2002. Satsinga på denne gruppa vil bli ført vidare.

Husbanken har også sett søkjelyset på områda miljø og tilkomst. Det er regionkontoret i Trondheim som er ansvarleg for å utarbeide ein strategi for det miljøarbeidet banken driv. Det vil vere vesentleg å utvikle og legge til rette for berekraftige løysingar som medverkar til redusert energi- og ressursbruk. Husbanken skal vere ein synleg og kompetent pådrivar i arbeidet for ein berekraftig bustadsektor. Eit viktig grunnlag for satsinga frå Husbanken er Kommunal- og regionaldepartementets Miljøhandlingsplan der det er formulert mål for redusert energibruk i bustadmassen. Tilsvarande har Regionkontor Aust medverka til å lage ein strategi for arbeidet med betre tilkomst i nye og eksisterande bygg.

Nye regionkontor – lettare for kunden

Etableringa av eit eige Regionkontor Arendal og nyskipinga av eit nytt Regionkontor Oslo er ei ytterlegare forbetring når det gjeld kundeservice frå regionkontora og nærliek til kundar og marknad. Ei effektiv eining i Arendal vil gjere avstanden til Husbanken mykje kortare for kundar og samarbeidspartnerar i dei sørlege fylka. Det nye Regionkontor Oslo, som vil bli etablert i 2003, reflekterer også ei endå høgare prioritering av verksemda i pressområda.

Målstyring

Det blir lagt vekt på at den forenklinga av organisering, verke-middel og regelverk som er vorten gjennomført dei siste åra, blir ført vidare. Det vil bli lagt særleg vekt på arbeidet med eit enklare regelverk, gjennom auka satsing på målstyring og resultatrapporering.

Bustadpolitikk og bustadforsyning

Innanfor bustadforsyninga vil hovudstyret sjå til at Husbanken held oppe eit godt finansieringstilbod til nybygging av små, bere-kraftige bustader i pressområda. Låneutmålinga vil i hovudsak bli differensiert på ein enkel måte og i favør av mindre einingar.

Hovudstyret har sendt ei brei høyringsfråsegn om NOU 2002: 2 Boligmarkedene og boligpolitikken, med vekt på at hovudlinjene i dagens bustadpolitikk blir vidareførte, og at Husbanken framleis skal vere ein sentral aktør i offentleg bustadpolitikk.

2 Nedgang i bustadbygginga

Etter tre år med markert oppsving i bustadbygginga vart igang-setjinga av nye bustader noko lågare i 2002. Denne utviklinga fekk vi trass i sterk inntektsvekst for hushalda og ein relativt god ordresituasjon for bustadbyggjarane. På den andre sida verkar truleg den aukande arbeidsløysa og økonomisk usikre tider til å dempe bustadetterspurnad og byggjeaktivitet.

Husbankhus noko mindre

Gjennomsnittsarealet for alle igangsette bustader viser (ifølgje byggjearealstatistikken til Statistisk sentralbyrå) ein etter måten stabil tendens samanlikna med 2001, trass i at arealet til bustadene med oppføringslån frå Husbanken har vorte ein del mindre. Det indikerer at dei store bustadene etter kvart i større grad blir lånefinansierte av private kreditinstitusjonar.

Prisveksten på bustader var litt lågare i 2002 enn året før. Utsiktene til lågare realrente vil likevel medverke til at bustad-prisane vil halde seg oppe, trass i at ein reknar med svakare inntektsutvikling og auka arbeidsløysa. Prisane på brukte bustader steig likevel mindre det siste året enn for nye bustader, noko som isolert sett vil kunne medverke til å redusere bustadbygginga.

At bustadbygginga no går noko ned, er i tråd med ei meir lang-siktig utvikling på bustadmarknaden. Sidan det etter kvart blir noko lågare igangsetjing av omsorgsbustader og vi også får ein nedgang i den delen av befolkninga som er i etableringsfasen, vil behovet for ny bustadbygging bli redusert. Nye utrekningar

baserte på folke- og bustadteljinga i 2001 tyder på at underskotet av bustader er lågare enn ein tidlegare har rekna med. Regjeringa legg til grunn at igangsetjinga av nye bustader gradvis minkar ned mot 20 000 bustader i 2006.

Lågare igangsetjing

Det vart totalt sett i gang bygging av rundt 23 000 nye bustader i 2002. Dette er om lag 2 300 eller 9 prosent færre enn året før. Men samanlikna med nivået i 1990-åra ligg igangsetjinga av nye bustader framleis høgt. Nedgangen i bustadbygginga i 2002 var størst i Oslo og Akershus, der igangsetjinga gjekk ned med rundt 30 prosent samanlikna med året før. Den største auken vart registrert i Rogaland, der bustadbygginga har auka med 18 prosent.

I den seinare tida er det meldt om aukande problem knytte til sal av nye, ofte dyre, bustadprosjekt i dei store byane. Hovudstyret er derfor tilfreds med at Husbanken – trass i lågare prioritering av oppføringslån generelt – framleis følgjer opp politiske signal om auka satsing på mindre og relativt rimelege bustader i dei største byane og pressområda, slik at ein kan redusere regional ubalanse i bustadmarknaden.

Husbanken sin medverknad

Til saman godkjende Husbanken vel 10 300 ordinære bustader for oppføringslån og gav i tillegg oppstartstilskot til nær 4 700 nye omsorgsbustader i 2002. Mellom anna som følge av ei tidsforskyving mellom tilsegn og tidspunktet for igangsetjing på opptil eitt år er den reelle igangsetjinga av omsorgsbustader rekna til drygt 2 700 einingar. Dermed har Husbanken til saman vore med på å finansiere rundt 13 000 nye bustader eller nesten 60 prosent av den totale igangsetjinga i 2002. For dei ordinære bustadene var husbankdelen drygt 50 prosent.

Steng prioritering av utlånsmidlane i Husbanken medverka etter hovudstyret si vurdering til at somme bustadprosjekt vart utsett, og dermed til at bustadbygginga gjekk ned. Det er sannsynleg at igangsetjinga av nye bustader i 2002 ville ha vore høgare dersom Husbanken hadde hatt ei større utlånsramme.

3 Stram prioritering av utlånsramma

Rammene Husbanken har for lån og tilskot, vart nytta fullt ut i 2002. Lån til barnehagar fekk eit oppsving ut frå søknadsinngangen. Denne ordninga ønskjer Kommunal- og regionaldepartementet å prioritere. Også den store interessa for etableringslån frå kommunane har halde fram. Lån til førstegongsetablerarar skulle også i 2002 prioriterast høgt.

Etter ein monaleg auke dei to føregåande åra vart utlånsramma til Husbanken halden uendra på 2001-nivået. For å sikre at prioriterte grupper fekk lån vedtok hovudstyret ved halvårsskiftet å innføre strenge prioritieringsreglar for bruk av utlånsrammen. Dette var med på å dempe etterspurnaden etter lån.

Det vart i 2002 søkt om oppføringslån til vel 14 000 bustader. Av desse bustadene stod private utbyggjarar bak om lag halvparten. Ei yriding i samansetjinga av dei som søker, kjem og til uttrykk ved at talet på prosjekt er vorte lågare. Det er redusert med nærmere 30 prosent, men prosjekta er gjennomgående større.

Einskildpersonar utgjer no berre drygt 10 prosent av søkerane.

Det siste året med kjøpsslån vart etterspurnaden redusert med vel 20 prosent samanlikna med toppåret 2001. Hovudstyret har på den andre sida merka seg den store kommunale interessa for startlån – som erstattar kjøpsslån og etableringslån frå 2003. Opptaket av etableringslån i 2002 var i underkant av 2,7 mrd. kroner, medan kommunane til samanlikning hadde søkt om startlån for 3,2 mrd. kroner allereie ved inngangen til 2003. Det ser ut til at kommunane har teke godt imot den nye ordninga, og det lover bra for den bustadpolitiske innsatsen i 2003.

Dei strenge prioritieringsreglane for bruk av utlånsramma førte mellom anna til at etterspurnaden etter lån til utbetring av bustadrekna i kroner vart redusert med 25 prosent. Det vart berre gitt utbetringsslån til prioriterte grupper i andre halvår 2002.

Låneutmålinga endra

Hovudstyret vedtok mot slutten av året ei til dels ganske stor endring i opplegget for utmåling av oppføringslån i 2003. For å få ein betre balanse mellom etterspurnad og låneramme blir låneutmålinga gjord mindre attraktiv – særleg for dei største bustadene. Dette vil både redusere gjennomsittslånet og føre til ei avskaling i søkeradslengden. Det er samtidig ønskjeleg at små, rimelege bustader med gode kvalitetar framleis skal få ei gunstig finansiering.

Men ei slik omlegging må etter styret si vurdering ikke få som konsekvens at vanlege familiebustader ute i distrikta blir stengde ute frå husbankfinansiering. Det er derfor vedteke at Husbanken skal innføre eit nytt lånetillegg for visse distrikt der privatbankane tradisjonelt har vore tilbakehaldne med finansiering.

Sjølv om den nye låneutmålinga vil innebere at husbankfinansieringa blir redusert reint kvantitativt, er hovudstyret oppteke av ikkje samtidig å svekkje dei gode kvalitative sidene ved husbankfinansierte bustader. Lånetillegget for livsløpsstandard er derfor auka.

Bustadpolitikken

I høyningsfråsegna til NOU 2002: 2 Boligmarkedene og boligpolitikken frå det regjeringsoppnemnde bustadutvalet held Husbanken fram at oppføringslånet er eit like viktig element i bustadforsyninga som tidlegare, men av andre årsaker. I etterkrigstida var søkerlyset retta mot å byggje opp landet. No er det tiltak for å tilfredsstille det auka behovet for bustadtilbod til vanskelegstilte som er mest påkravd for å redusere presset i sentrale område der bustadetterspurnaden er høg. Dessutan ser hovudstyret det som viktig å halde fast på målet om å påverke nybygginga i form av gode bustad- og miljøkvalitetar.

Utbyggingsavtalar

Eit spesielt verkemiddel som har fått auka merksemد dei siste åra, er bruken av utbyggingsavtalar. Ein utbyggingsavtale er ein avtale mellom eigar/utbyggjar og kommunen om privat utbygging innanfor ein vedteken reguleringsplan. Etter hovudstyret si oppfatning er det positivt at det er sett i gang utgreiingsarbeid for å avklare heimelstilhøve og fordelings- og effektivitetkonsekvensar av utbyggingsavtalar. Husbanken ønskjer generelt å vere aktiv i planprosessar i samarbeid med kommunane. Dette gjeld òg i samband med arealplanlegging og større utbyggingsprosjekt.

Nytt startlån

Å få kommunane til å bruke meir etableringslån har vore eit sentralt bustadpolitisk satsingsområde dei siste åra. Førebels tal indikerer at om lag 10 000 husstandar fekk lån i 2002. At to av tre som fekk etableringslån, er personar under 35 år, tyder på at dette verkemiddelet er treffsikkert. Det er tilfredsstilande at kommunane i så stor grad følger opp denne satsinga gjennom opptak av etterfølgjaren startlån. Nærmore 60 kommunar som ikkje nyttar seg av ordninga med etableringslån i 2002, har sendt inn søknad om startlånmidlar.

Bustadtilskot bør aukast

Ein må likevel vedgå at ungdom og vanskelegstilte i dei største byane og andre pressområde framleis har store problem med å kome inn på bustadmarknaden. I Oslo er så godt som full stopp i bygginga av utleigebustader for ungdom. Hovudstyret er tilfreds med at kommunane viser auka interesse for kjøp og bygging av kommunale utleigebustader. Som følgje av dette, går no tilskotsmidlane i hovudsak til bustader for flyktningar, vanskelegstilte og bustadlause. Som følgje av totalt større etterspurnad frå høgt prioriterte grupper meinte styret i innspelet sitt til statsbudsjettet for 2003 at løvinga til bustadtilskot burde aukast med 300 mill. kroner. Tilsegnssramma for 2003 vart auka med 13 mill. kroner.

Det er ikkje nødvendigvis eit mål å ha ein monaleg større utleigesektor med tanke på vanskelegstilte grupper på bustadmarknaden. At vi har ein relativt liten utleigesektor, har til dels historiske årsaker og er ein del av den norske tradisjonen. Somme grupper er likevel etter styret si oppfatning best tente med ein leigebustad, eventuelt for ein avgrensa tidsperiode.

I lys av målet til regjeringa om mellom anna å få slutt på fattigdom, vart det i 2002 gitt fleire bustadtilskot til utleigebustader for flyktningar og bustadlause. Talet på utleigebustader til flyktningar er nær fordobla. Til dette tiltaket vart det løvd 75 mill. kroner ekstra sommaren 2002. Så langt har Husbanken gitt tilskot til drygt 100 utleigebustader for bustadlause. Bustadløysingar for denne gruppa føreset ei finansiering der bustadtilskot utgjer ein stor prosentdel. Gjennomsnittleg tilskotsbeløp i 2002 for bustadlause var då også klart høgast – over 400 000 kroner pr. bustad.

"Prosjekt bustadlause"

I byane som er med i "Prosjekt bustadlause", går det føre seg intensivert forsøksverksemd med etablering av bustadtiltak og tenestetilbod. Organisasjonar som Kirkens Bymisjon, Frelsesarmeén og Kirkens Sosialtjeneste utvidar og engasjementet sitt overfor bustadlause i form av varige bustadløysingar med

tilknytte oppfølgingstenester. Hovudstyret er tilfreds med at banken i 2002 valde å la temaet bustader og tenestetilbod for bustadlause vere ramma for årets fagdag, der over 280 personar frå kommunar, statlege instansar og organisasjonar var til stades. Etter at prosjektet er avslutta i 2004, vil arbeidet retta mot bustadlause etter planen bli ein integrert del av bustadpolitikken og verksemda til Husbanken. Dette vil vere eit stort framsteg for ei gruppe som tidlegare fall utanom det verkemiddelsystemet som den statlege bustadpolitikken femnde om.

Eldreplanen er fullført

For andre året på rad er det behandla ei rekordstor mengd søknader om tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimar. Det vart gjeve oppstartstilskot til over 11 600 bueiningar, som er godt over måltalet.

Bustøtte: Meir til lys og varme

Hovudstyret har peikt på bustøtteordninga som både effektiv og treffsikker. Det vart siste året gjennomført forbetringar i bustøtteordninga. For mottakarar av bustøtte i storbyane Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim vart buutgiftstaket heva til 60 000 kroner i året som maksimalt godkjende buutgifter. Sjablonen for lys og varme, som har relativt mykje å seie når ein reknar ut bustøtte til gruppa eldre, uførepensjonistar og attlevandepensjonistar, vart i 2002 heva med 17 prosent. Hovudstyret er tilfreds med at regjeringa for 2003 har følgt opp med ein ytterlegare aukje av sjablonen på bakgrunn av høgare straumprisar. Alderpensjonistane var den gruppa som i 2002 hadde den høgaste veksten i buutgiftene, men som samtidig har hatt den lågaste inntektsauken. Både låge inntekter og høge buutgifter resulterer i auka bustøtte.

Styret vil peike på at inntektsgrensene generelt er låge. Det er derfor ønskjeleg å heve desse både for eldre og barnefamiliar.

4 Rekordstor låneportefølje, men framleis små tap

Det er eit hovudmål for Husbanken å medverke til butryggileik. Det tyder mellom anna å leggje til rette for at folk kan bli buande i bustaden sin. Gjennom økonomisk rådgiving på eit så tidleg tidspunkt i misleghaldsfasen som mogleg og god oppfølging av kundar som har betalingsvanskar, freistar ein å halde talet på tvangssal på eit lågt nivå. Bustøtte er også eit viktig verkemiddel i så måte.

Det er samtidig eit mål for Husbanken å forvalte statlege midlar sikkert og effektivt. Ein må likevel rekne med at tapa aukar noko som følgje av at ein aukande del av låna er knytt til vanskelegstilte grupper.

Misleghaldet lågt og stabilt

Ved utgangen av 2002 hadde Husbanken snautt 2 850 misleghaldne lån, dvs. låneengasjement med uteståande terminar på meir enn 3 månader. Dei misleghaldne låna utgjorde 1,7 mrd. kroner eller 1,66 prosent av samla utlån frå Husbanken, som er ein litt lågare prosentdel enn ved utgangen av 2001.

BOKOM
Det har førebels heller ikkje vore dei store endringane på inkassosida. Talet på krav om tvangssal og talet på gjennomførte tvangssal steig med 3–4 prosent samanlikna med i 2001.

Små tap

Risikofondet til Husbanken vart netto belasta med vel 6 mill. kroner i 2002. Det er om lag det same beløpet som i dei to åra før. Banken tapte snaut 12 mill. kroner på låna, men hadde eit overskot på 5 mill. kroner på drift og sal av bustader. Ved utløpet av året stod det i underkant av 146 mill. kroner inne på tapsfondet.

Også i 2002 vart tapa på lån til ikkje-personlege låntakarar, dvs. stiftingar o.l., relativt små. Dette tapet utgjorde 1,9 mill. kroner. Oppfølging av tapsutsette engasjement har i stor grad vore knytt til dei spesielle uteigelåna til stiftingar som vart gitt i perioden frå 1987 og fram til 1993. Resten av tapet på 10 mill kroner er knytt til personlege låntakarar.

Husbanken har engasjert seg aktivt i dei fleste av desse bustadstiftingane. Dette engasjementet har medverka til å redusere tapspotensialet vesentleg for desse uteleigeprosjekta.

Netto tap er mellom anna avhengige av omfanget av tilbakeføringar på tidlegare tapsførte engasjement. Ein måte å redusere tap er derfor ei meir effektiv innkrevjing av restkrav. Hovudstyret har sluttat seg til eit framlegg om at Husbanken som ei prøveordning, overlet restkrav der ein ikkje oppnår betalingavtale, til ekstern innkrevjing. I samband med dette arbeider Husbanken med siktet på ein avtale med Statens Innkrevjingssentral. Styret ønskjer ei evaluering av denne ordninga når prøveperioden på eitt år er over.

Auke tapsrisiko – betre tapsestimat

Ei endra samansetjing av utlånsporteføljen tilseier ein viss auke i dei samla tapa dei neste to åra. Fleire låntakarar med behovsprøve lån gjer det sannsynleg at tapa vil auke. Misleghald og bokførte tap på personar i 2002 var vesentleg større for dei behovsprøvde kjøpsslåna enn for oppføringslån. I forhold til den respektive utlånsmassen var misleghaldet nær tre og tapet nær fire gonger større for kjøpsslån enn for oppføringslån. Relativt låge inntekter saman med høg låneutmåling og låg panteverdi gjer at banken har budsjettet med aukande tap på kjøpsslåna i åra som kjem.

Det er meldt om betalingsvanskjer i nokre stiftingar, og banken må arbeide aktivt for å sikre utsette engasjement. Ein konkret gjennomgang av stiftingane syner at totale forventa tap i 2003 og 2004 kan bli i storleiken 25–30 mill kroner. Ein rekner med størst tap på prosjekt på Vestlandet, i Midt-Noreg og i fylka Nordland og Troms.

Staten ved Husbanken har også forplikta seg til å dekkje større tap på startlån enn tilfellet har vore med etableringslån. Auke i arbeidsløysa kan også medverke til større tap. Banken har budsjettet tapa til 30–35 mill kroner per år dei nærmaste to åra.

Etter ønske fra hovudstyret har banken gått vidare med arbeidet med å lage eit tapsestimat, gjennom å gjere ein risikoanalyse av utlånsporteføljen. Det er aktuelt å utvikle ein metode basert på enkle kriterium for når tapa kan kome.

Hovudstyret vil generelt peike på kor viktig det er at Husbanken har god kompetanse og følgjer opp med rettleiing og førebyggjande tiltak på forvaltingssida. Det vil sikre butryggleik for kundane i Husbanken, og dermed vere eit viktig bidrag til bustadpolitisk måloppnåing.

Utbetalingerne har dei siste åra vore monaleg større enn innbetalingane på lån. Dette har ført til at låneporteføljen har auka og no er oppe i over 102 mrd. kroner, det høgaste nivået nokosinne.

5 Husbanken satsar på kommunane

Den utøvande offentlege bustadpolitikken skjer i aukande grad frå kommunane si side. Det er kommunane som har dei beste føresetnadene for å kjenne den lokale bustadmarknaden og til omfanget og typen av bustadsosiale problem. Det er samtidig kommunane som gjennom ein god utbyggingspolitikk kan leggi tilhøva til rette for ein vel fungerande bustadmarknad og gjennom dei bustadsosiale verkemidla sine medverke til at vanskelegstilte på bustadmarknaden får eit tilfredsstillande butilbod.


Ei undersøking har vist at det er ønskjeleg med ein meir målretta og samordna bustadpolitikk. Det er litra samordning av utbyggingspolitikken og den bustadsosiale innsatsen, og det bustadpolitiske arbeidet til kommunen kan i mange tilfelle vere meir innretta på å løye akutte problem etter kvart som dei kjem til, enn på ein langsiktig, målretta og førebyggjande innsats for å løye problema.

Service- og kompetancesenter

Husbanken tek mål av seg til å vere ein tilretteleggjar og rettleiar for kommunane i bustadpolitikken. Kommunane skal kunne få den hjelpe dei treng ut frå sine eigne føresetnader. Dette er ei krevjande oppgåve fordi Kommune-Noreg er særstakt ueinsarta både når det gjeld problemtypar og føresetnader for å løye dei. Husbanken med sitt godt utbygde regionapparat har eit godt utgangspunkt for å kunne ta omsyn til regional ulikskap. Gjennom årelang kontakt med kommunane har regionkontora til Husbanken etter kvart opparbeidd seg ganske stor kunnskap om kommunane innanfor kvar einskild region. Dette er likevel ein kunnskap som stadig må oppdaterast og utdjupast, ikkje minst når det gjeld effekten av den kommunale bustadpolitikken.

Ei hovudoppgåve for Husbanken er å formidle bustadkompetansen sin til kommunane. Eit viktig ledd i dette arbeidet har vore å utvikle høvelege verktøy for å gjennomføre bustadpolitikken. Dette byggjer vidare på røyslene frå dei bustadsosiale handlingsplanane, der Husbanken sitt ansvar har vore å stimulere, rettleie og tilrettelegge for det bustadsosiale planarbeidet som kommunane sjølv har drive. Dette arbeidet blir no ført vidare ved å utvikle, samordne og systematisere materiell som vert distribuert gjennom internett. Det er etablert ein felles portal og materialet frå Husbanken vil bestå av rettleiing, døme, malar, tips til prosessar og utdjuande litteratur. Det blir lagt vekt på å formidle røysler frå kommunane sjølv.

Hovudstyret ser dette arbeidet som ein svært viktig del av Husbanken si satsing på å bli eit service- og kompetancesenter for kommunane.



Startlån i kommunane

Startlån kjem frå 2003 i staden for dei tidlegare låneordningane kjøpslån og etableringslån. Kjøpslån vart tidlegare forvalta av Husbanken, medan etableringslån vart gitt frå kommunane. Målgruppa for startlån er husstandar med bustadetableringsproblem, ikkje minst dei unge som skal skaffe seg sin første heim. Med startlånsfinansiering frå kommunen skal denne gruppa kunne få høve til å etablere seg og bli buande i nøkterne og gode bustader.

Etter styret si oppfatning vil startlånet vere eit veleigna verkemiddel for kommunane i det bustadsosiale arbeidet deira. Det er eit fleksibelt verkemiddel som kan brukast til heil- eller delfinansiering av nye og brukte bustader, til utbetrинг og til refinansiering. For dei særleg vanskelegstilte kan kommunen kombinere bruk av bustadtilskot med startlån for å medverke til at buutgiftene står i forhold til den økonomiske evna husstanden har.

Startlån er eit bustadpolitisk verkemiddel som vil auke handlingsrommet og også motivasjonen for å planleggje bustadpolitikken til kommunane. For dei kommunane som har utarbeidd eller er i ferd med å utarbeide ein bustadsosial handlingsplan, vil bruken av startlån kunne vere ein del av ei langsiktig satsing på å løyse dei bustadsosiale problema i kommunen.

Husbanken har lagt ned eit stort arbeid i samband med innføringa av startlån. Det er utarbeidd mal for og døme på kommunale retningslinjer, søknadsskjema og samarbeidsavtale med lokal bank. Husbanken har også utarbeidd web-løysingar som gjer det mogleg med elektronisk rapportering av forbruk av startlån, og som gjer at kundane kan sende inn søknaden elektronisk. Dessutan er det utvikla eit enkelt saksbehandlingssystem for kommunane.

Arbeidet med innføringa av startlån er eit godt døme på korleis Husbanken arbeider overfor kommunane. Husbanken skal medverke til at dette lånet blir eit effektivt verkemiddel for kommunane; eit verkemiddel som også kan utnyttast i det strategiske bustadpolitiske arbeidet i kommunane. Husbanken bør etter det styret meiner, følgje opp forvaltninga i kommunane med ei open linje for kommunar som måtte ha behov for rådgiving. Behovet for ei einskapleg, nasjonal rapportering når det gjeld bruken av startlån vert understrekt. Eit rapporteringssystem som er enkelt for kommunane å handtere, og som inneholder den viktigaste informasjonen for å dokumentere korleis kommunane bruker ordninga, er svært viktig i så måte.

6 Husbanken nær kundane – regionalisering

Husbanken etablerte eit regionalt apparat i 1946, same året som banken vart etablert. Det vart skipa regionkontor i Bergen, Trondheim, Bodø og Hammerfest. Av forarbeida til skipinga av Husbanken går det fram at ein la spesielt vekt på å få kontoret i Finnmark i drift så snøgt som mogleg av omsyn til etterreisingsarbeidet, men elles var det viktig at Husbanken fekk kontor i dei ulike landsdelane "slik at distriktenes lånebehov kan dekkes raskt og på beste måte".

Styrkt kundeorientering

Det har heile tida vore eit mål for Husbanken å møte kundane lokalt. Eit desentralisert apparat medverkar til at kundane får lettare kontakt med Husbanken, og Husbanken opparbeider seg den nødvendige lokale kompetansen for å kunne hjelpe kvar ein-skild søker på best mogleg måte. Samtidig er eit desentralisert Husbank ein garanti for at endra behov som kundane måtte ha, og som ikkje kan løysast gjennom eksisterande verkemiddel, blir formidla til dei rette styresmaktene. Opninga av eit eige regionkontor i Arendal som skal dekke begge Agder-fylka og Telemark, er eit ledd i ei satsing for ytterlegare å gjøre Husbanken meir kundeorientert. Desse fylka fekk tidlegare tenesteyting frå Oslo. Resten av Regionkontor Sør og Regionkontor Aust blir samla til Regionkontor Oslo frå 1. juni 2003. Overføring av Sunnmøre frå Regionkontor Bergen til Regionkontor Trondheim er også eit steg i same retning. Det er viktig at alle fylka blir ivaretakne på ein god måte.

Regionkontora til Husbanken er også den viktigaste ressursen til banken i det aukande samarbeidet med kommunane. Det er i første rekke gjennom kontakten med regionkontora at kommunane skal få den nødvendige service, støtte og kompetanse for å kunne utarbeide og setje i verk ein god kommunal bustadpolitikk.

Regionkontora overtek bustøtta

Ei regionalisering av bustøtta er gjennomført i løpet av 2002. Det inneber at kvart regionkontor får ansvaret innanfor sitt geografiske område. Regionaliseringa av bustøtta vil føre til ei styrking av dette heilt sentrale verkemiddelet. Auka kompetanse hos saksbehandlarane ved regionkontora vil betre samordninga med dei andre låne- og tilskotsordningane Husbanken forvaltar, og korte ned på saksbehandlingstida for klagesaker. Servicen overfor kommunane vil bli betre, m.a. gjennom ei styrking når det gjeld rettleiing og opplæring av kommunane.

Etter styret si oppfatning er ei regionalisering av bustøtta eit viktig steg for å sikre ein mest mogleg fullstendig bustadverke-middelporfølje på regionkontornivå. Regionkontora har på grunnlag av lokalkunnskapen sin og nettverka sine dei beste føresetnadene for ei heilskapleg forvaltning av dei bustadpolitiske verkemidla, og dermed får ein også auka effekt av innsatsen frå Husbanken.

Regionkontora får fleire oppgåver

Regionkontora har ein monaleg kompetanse innanfor bustad-sektoren. Denne kompetansen er opparbeidd over lang tid gjennom kontakt med lånsøkjarar, utbyggjarar og kommunar. Denne nærliken til bustadmarknaden, til dei ulike målgruppene for Husbanken, gir eit unikt utgangspunkt for også å drive utviklingsarbeid på vegner av heile Husbanken. Det har derfor vore eit ønske å knyte ansvaret for Husbanken si forvaltning av lån og tilskot nærmare saman med kunnskapsutvikling på ulike fag-område innanfor bustadsektoren. Dette er gjort gjennom å gi

regionkontora auka rammer frå utviklingsmidlane Husbanken rår over, men òg ved å gi regionkontora ansvaret for nasjonale fagområde. Kriterium for ei slik utveljing har mellom anna vore kompetanseprofil, motivasjon og nærliek til relevante kunnskapsmiljø.

Eit nasjonalt fagansvar inneber eit ansvar på vegner av heile Husbanken for utviklinga av dette fagområdet; det vere seg strategiutvikling, kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling og å lage gode rutinar for at regionkontora forvaltar området sitt på ein best mogleg måte. Eit døme på eit slikt regionalisert fagområde er miljø og berekraft. Regionkontoret i Trondheim har fått det nasjonale fagansvaret for dette feltet, mellom anna av di det er nær viktige kunnskapsprodusentar innanfor miljø og energi. ENOVA, SINTEF, NBI og NTNU utgjer saman med Husbanken eit fagleg miljø der kunnskapen og merksemda kring miljø- og energispørsmål er sterk og målretta, og der interessa for å utvikle fagfeltet er sterk. Andre område som er regionaliserte, er ansvaret for bustadsosiale handlingsplanar (region Bodø) og for verke-midla oppførings- og utbetringslån (region Bergen).

Etter styret si oppfatning er dette ei spennande og lovnadsrik utvikling, men det stiller òg store krav til styring og koordinering. Det er viktig å sikre at informasjon og kunnskap flyt godt på tvers i systemet, slik at heile Husbanken får ei positiv utvikling og ikkje berre det einskilde regionkontoret. Det må òg etablerast gode rutinar for samhandlinga mellom dei ulike regionkontora med nasjonalt fagansvar og hovudkontoret. Ein viktig føresetnad i så måte er å ha eit godt system for resultatrapportering.

7 Husbanken fremjar gode miljøløysingar

Bustad- og bygningssektoren er – fordi han er så stor – heilt sentral i ei nasjonal satsing for ei berekraftig utvikling. Husbanken ønskjer å medverke til at sektoren som heilskap kan tilby miljø- og kostnadseffektive løysingar både i nye og eksisterande bustader og buområde. Utvikling og formidling av gode løysingar med stor overføringsverdi er ein viktig del av denne satsinga.

Husbanken har ei viktig oppgåve i å medverke til å oppfylle miljøpolitiske målsetjingar, slik dei mellom anna er skisserte i miljø-handlingsplanen frå Kommunal- og regionaldepartementet. Hovudansvaret for Husbanken sitt arbeid med energi og miljø er lagt til regionkontoret i Trondheim.

Miljøomsyn integrert i verksemda

Husbanken har integrert miljøomsyn i verkemiddelapparatet sitt. Det dreiar seg om lån og tilskot til bustader og buområde og økonomisk støtte til utviklingsprosjekt og formidling/spreiing av informasjon. Lån til nye bustader skal medverke til noktern ressursbruk og ein standard som gjer bustadene brukbare over tid. Tilskot skal medvirke til å forbetre eksisterande bygningar i byar og tettstader i eit miljøvenleg og berekraftig perspektiv.

Opprusting av uteareal i nedslitte bustadområde er òg ei viktig satsing.

Kunnskapsformidling knytt til økonomiske verkemiddel er ein effektiv strategi for å utvikle ein miljøvenleg bustadsektor. Ei eiga tilskotsordning skal stimulere både til å utvikle ny kunnskap i

bustadsektoren og til å formidle resultata. Ein stor del av tilskots-posten er brukt til ulike utviklings- og formidlingsprosjekt i miljøsektoren.

Husbanken påverkar i førekant

Røynsla frå tidlegare var at Husbanken ofte kom seint inn i ulike plan- og prosjektprosesser og derfor fekk små sjansar til å stimulere til miljøkvalitetar. Dei siste åra er det prioritert at ein skal vere tidleg på banen i samband med større bustadutviklingsplanar. Ei ny tilskotsordning, områdetilskot, har som formål å stimulere kommunar og andre aktørar til eit sterkare sokjelys på kvalitetar som er bustadpolitisk prioriterte, m.a. miljøkvalitetar. Gjennom samarbeid og medverknad i dei tidlege fasane av planleggingsprosessen når sjansen til påverknad er størst, vil Husbanken i større grad kunne kome i dialog med kommunar og andre aktørar og slik ta vare på miljø-perspektivet i planlegging og gjennomføring av tiltak, både når det gjeld bustadutforming, byggjeskikk og områ-deutvikling.

Slik hovudstyret ser det, har Husbanken fleire verkemiddel som er godt eigna for å få til ei effektiv miljøsatsing. Ein aktiv bruk av økonomiske verkemiddel saman med informasjon, kompetanseutvikling og nettverksbygging vil etter styret si oppfatning gi god effekt i Husbanken si satsing på miljø. Styret har også store voner til innsatsen ved regionkontoret i Trondheim for å utvikle ein samla strategi for miljøsatsinga og sørge for at denne strategien blir implementert i heile Husbanken.

8 Strategiutvikling, styring og rapportering

Husbanken har i 2002 utforma ein strategi for forsking og utgreiing. Målet har vore å målrette forskings- og utgreiingsinnsatsen betre, få til ei betre intern prioritering av ressursinnsatsen innanfor kunnskapsoppbygging og medverke til at resultata frå forsking og utgreiing faktisk blir brukte for å etablere eit betre avgjerdsgrunnlag for leiinga, til å heve kunnskapsnivået i organisasjonen og til å forsyne bustadsektoren med kunnskap om marknaden og om gode bustad- og bumiljøløysingar.

Innhenting av kunnskap, systematisering og analyse er heilt avgjande for at Husbanken skal kunne oppfylle dei overordna måla sine. Auka kunnskap, i form av både eigeninitierte kunnskapsprosjekt og innsamling av kunnskap som finst i marknaden, er nødvendig for at Husbanken skal få mest mogleg ut av knappe midlar og heile tida kunne tilpasse verksemda si når dei ytre rammevilkåra blir endra. Ein strategi for forsking og utgreiing er derfor etter styret si oppfatning eit godt grunnlag for satsinga på auka kunnskap. Styret vil særleg peike på nytta av ein slik strategi når det gjeld samhandling med viktige kunnskapsprodusentar, til dømes forskingsinstitusjonar. Husbanken bør ta mål av seg til å bli ein hovudpådriver for å auke kunnskapsbasen innanfor bustadsektoren.

Mål og resultatstyring

Husbanken nyttar i dag målstyring på fleire område. Det blir til dømes praktisert ein stor grad av fleksibilitet i høve til regel-verket. Rådgivningsrolla overfor kommunane har fått ein stadig meir framskoten plass, noko som i liten grad lèt seg praktisere ut frå eit omfattande regelverk. Husbanken har òg lagt ned eit omfattande arbeid i å finne gode resultatindikatorar for mellom

apna rapporteringa til statsbudsjettet. Men det er også klart at Husbariken ikkje har utnytta heile det potensialet som ein målstyrt organisasjon vil kunne utvikle. Utfordringa framover no er særleg knytt til at regionkontora har fått auka ansvar og avgjerdsmakt og utvida rammer.

Mål- og resultatstyring føreset regionalt handlingsrom. Dersom mål og føringar blir for styrande, vil regionkontora miste handlingsrommet til sjølvé å kunne utvikle løysingar tilpassa lokale forhold. Tilsvarande vil eksisterande reglar som hindrar utvikling av løysingar tilpassa lokale forhold, gjere det vanskeleg å drive reell mål- og resultatstyring.

Hovudformålet med ei god resultatrapportring er å synleggjere resultata, diskutere dei og ta lerdom av dei. Dette er det etter styret si oppfatning særleg viktig å få til ved at regionkontora får auka ansvar og avgjerdsmakt. Men ei god målstyring for regionkontora må følgjast opp med tilsvarande tiltak for hovudkontoret og banken som heilskap. Ei god og resultatorientert rapportering til overordna nivå, departementet og Stortinget, er avgjerande for at politiske vedtak som gjeld verksemda til Husbanken og utviklingsretninga framover, skal vere godt funderte. Husbanken har tradisjon for å gi gode faglege innspel når det gjeld innretning og nivå på dei bustadpolitiske verkemidla, og når det gjeld Husbanken si rolle. Ein viktig del av dette er ein god dokumentasjon av oppnådde resultat.

9 Ein Open og serviceinnstilt Husbank

"Open Husbank" er eit program for å utvikle ein enklare, meir tilgjengeleg Husbank og ein Husbank som skal vere eit kompetansesenter på bustadområdet. Dette skal gi betre service for kundane, betre ressursbruk i Husbanken og styrke samarbeidet med kommunane og byggjebransjen.

Viktige element i dette programmet er:

- nettbanktenester for kundane
- informasjonsbank på nettet
- elektronisk, papirlaus søknadsbehandling

Open Husbank-programmet har ein svært viktig teknologisk del, men styret vil understreke at dette konseptet òg gir eit stikkord for korleis Husbanken ønskjer å framstå overfor brukarane i alle samanhengar. Husbanken skal ha ei holdning overfor omverda som er prega av openheit, av å ta brukarane på alvor. Dermed har dette prosjektet klare føringar for korleis bedriftskulturen i Husbanken bør utviklast.

Nettbank

I 2002 vart nettbanken introdusert som ein del av programmet. Personkundar som har lån i Husbanken, kan no få informasjon om kundeforholdet sitt uavhengig av opningstidene i banken. I nettbanken kan kunden hente ut detaljerte opplysningar om låneforholdet sitt som lånevilkår, saldo, betalingsplan, oversikt over mottekte innbetalingar og anna. Nettbanken var i eit halvt år berre tilgjengeleg for spesielt inviterte kundar, som gjennom ei brukarundersøking gav nyttige innspel til forbetringar. Nettbanken vart gjord allment tilgjengeleg i november.

Kommunikasjon og kunnskapsdeling

Arbeidet med informasjonsbanken har i 2002 konsentrert seg om ein viktig intern føresetnad, nemleg å etablere eit heilt nytt intranett, *Husnettet*. Målet er at dette skal bli den viktigaste interne skriftelege kommunikasjonskanalen i banken. Husnettet skal gjere det enklare for alle medarbeidarar å finne fram til og ha oversikt over alle viktige nyheter og annan informasjon av strategisk, fagleg, administrativ og sosial art. Visjonen for dette er: "Til nytte og glede for alle".

Gjennom det nye intranettet skal det leggjast til rette for ein meir effektiv informasjonsflyt og tovegs kommunikasjon, m.a. mellom leiing og tilsette. Husnettet skal vere ein kunnskapsbank som skal gi lett tilgang til kunnskap som er relevant for å løye dei ulike oppgåvane Husbanken står overfor. Ei effektiv kunnskaps- og informasjonsformidling er etter styret si meining heilt avgjerande for at ein kompetansebasert organisasjon som Husbanken skal kunne utvikle seg og mestre stadig nye utfordringar. Eit slikt intranett må òg utviklast til å bli ein god reiskap for kunnskapsdeling. Dette er særleg viktig i ein Husbank som blir stadig meir regionalisert.

I 2002 er det òg arbeidd for å vidareutvikle det noverande internettet, husbanken.no. Hovudmålet er å auke informasjonsverdien og gjere det meir brukarvenleg for viktige målgrupper, til dømes kommunane.

Ekstranett mot kommunane

I 2002 vart det sett i gang eit prosjekt for eit ekstranett mot kommunane. Det er regionkontoret i Trondheim som leier prosjektet.

Serviceerklæringer og driftsmål i stor grad oppfylte

I 2001 introduserte Husbanken serviceerklæringer. Her vart det sett klare mål for kva ein kunde kan rekne med av saksbehandlingstid frå Husbanken si side i samband med søknadsbehandling av lån og tilskot, utbetalingar o.l. I tillegg opererer Husbanken med eigne driftsmål for saksbehandlingstid når det gjeld låneforsvalting (m.a. økonomisk rådgiving, krav om tvangsføring og restkrav), bustøtteforsvalting, rekneskap og gjeldsforsikring. Serviceerklæringer og driftsmål skal gi kundane til Husbanken garanti for at dei kan rekne med god service. Samtidig vil Husbanken gjennom oppfølginga av måla få eit godt grunnlag for å setje inn ressursar der det blir flaskehalsar. Måla er òg ein spore til kontinuerleg innsats for å forbetre servicenivået endå meir.

Ei oversikt over kor mange saker som vart behandla innanfor fristane i serviceerklæringer, viser at det har vore ei negativ utvikling for oppføringslån og utbetringslån. Årsaka til dette er for ein stor del at rammene vart for knappe i fjar, slik at det vart ei opphoping av saker. For kjøpslån var det god måloppfylling. Hammerfest-kontoret skil seg ut med høg måloppnåing for alle dei tre låneordningane.





Når låna blir utbetalte, blir kvar einskild mottakar beden om å svare på nokre spørsmål som går på om dei er nøgde med servicen i Husbanken. Husbanken får høg skåre på alle spørsmål så nær som på kor nøgd ein er med behandlingstida. Men dette gjeld ikkje for dei tre nordlegaste regionkontora, som har høg skåre på dette spørsmålet også.

Husbanken opererer som nemnt òg med driftsmål for forvaltning av bustøtta, låneforvaltning og rekneskapsrutinar. Når det gjeld bustøtta, vart driftsmåla oppfylte, men ved årsskiftet 2002/2003 var ein ikkje à jour med klagesaker og manuelle saker. For dei andre driftsmåla har det vore god måloppnåing.

Hovudstyret ser serviceerklæringer og driftsmål som viktige for at Husbanken heile tida skal halde ein høg servicegrad og ei god brukarorientering. Systemet med stadige brukarundersøkingar av kor nøgd den einskilde kunden er med svartider o.l. frå Husbanken, gir òg eit godt grunnlag for å kunne tilby kundane best mogleg service.

Likestilling

Prosentdelen kvinner i leiarstillingar i Husbanken er 51, ein auke på 13 prosentpoeng samanlikna med året før. På direktørnivå er det 38 prosent kvinner. Til samanlikning kan vi nemne at staten har som mål å få 30 prosent kvinner i statlege leiarstillingar innan utgangen av 2002. Ifølgje "Likestillingsbarometeret" var det 28 prosent kvinnelege leiarar i statlege verksemder i 2002.

Hovudstyret er svært godt nøgd med at Husbanken har oppnådd ein god balanse mellom kjønna i leiarteamet. Etter hovudstyret si oppfatning vil det styrke den samla kvaliteten på leiinga og vise veg for ei generelt betre karriereutvikling for kvinner.

Lønsforskjellen mellom kvinner og menn er i gjennomsnitt blitt redusert med 1,5 prosentpoeng i favor av kvinner.

Leiarutvikling

Eit eige utviklingsprosjekt for leiarevaluering vart sett i gang hausten 2001 i samarbeid med Administrativt Forskningsfond (AFF) ved Noregs Handelshøgskole. Evalueringa blir følgd opp i medarbeidarsamtalar og ved systematisk tilbakemelding frå AFF. Dei strategiske leiarane ved hovudkontoret og regiondirektørane gjennomførte evalueringa i 2001. I 2002 er òg mellomleiarane evaluerte.

10 Helse, miljø og tryggleik

Sjukefråvær

Husbanken følgjer nøyne utviklinga i sjukefråværet internt. Nærmaste leiar har eit sentralt oppfølgingsansvar når det gjeld kvar einskild medarbeidar, og har kontakt med bedriftshelsenestenesta. Det blir ført fråvårsstatistikk med mellom anna analysar pr. driftseining og for Husbanken totalt..

Samla sjukefråvær i Husbanken var 5,4 prosent i 2002. Sjukefråværet gjekk ned med 0,2 prosentpoeng samanlikna med 2001. Nedgangen kom av ein reduksjon i langtidsfråværet. Utviklinga i landet som heilskap viser ein auke i sjukefråværet.

Inkluderande arbeidsliv

Husbanken har gjort ein intensjonsavtale med arbeidslivssenteret til trygdeataken om inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen inneber at Husbanken forpliktar seg til å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv med vekt på eit godt arbeidsmiljø. Arbeidet for eit meir inkluderande arbeidsliv er ein del av det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet i verksemda (internkontroll). Husbanken sine interne retningslinjer for å følgje opp sjukmelde er tilpassa avtalen om inkluderande arbeidsliv.

Vernetenesta

Vernetenesta er lokalt organisert. Kor mange verneombod ein har, varierer med kor stor driftseininga er. Regionkontora Aust og Sør og hovudkontoret er samlokaliserte i Oslo og har valt felles verneteneste og arbeidsmiljøutval. Dei tre driftseiningane har til saman fem verneområde og eitt hovudverne-ombod. Administrerande direktør sit i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Banken er tilknytt eiga bedriftshelseneste, som er til hjelp når det gjeld kartlegging, planlegging og rådgiving innanfor helse, miljø og tryggleik. For å betre innemiljøet ved hovudkontoret har Husbanken ført vidare arbeidet med å fjerne teppe og legge nye golvbelegg. Det er ikkje lenger lov å røykje på kontora. Det er ordna med eigne røykjerom. Ved kontora til Husbanken i Oslo er det leidd inn fysioterapeut, som tilbyr massasje ein gong i veka. Ei evaluering av denne ordninga viste at av dei som hadde nytta ordninga, mente 91 prosent at det hadde positiv effekt på helse og trivsel. 78 prosent av dei som svara, ønskte at tilbodet vart ført vidare i 2003.

Av viktige saker ved regionkontoret i Bergen kan ein nemme oppfølging av sjukefråvær (som i 2002 gjekk ned til 4,8 prosent frå 7,1 prosent året før), prøveordning med bedriftshytte på Ustaoset og separat ventilasjonsanlegg på røykjerommet.

Arbeidsmiljøutvalet ved regionkontoret i Trondheim understrekar det nære samarbeidet med bedriftshelsenesta, som òg mellom anna blir nytta i tett oppfølging av langtidssjukmelde. Ved Regionkontor Bodø er det sett i gang eit arbeid med å revidere HMS-internkontrollhandboka. Det er òg sett lokale mål for arbeidet med inkluderande arbeidsliv, og det er oppnemnt eigen kontaktperson ved det lokale arbeidslivssenteret.

Ein reduksjon i sjukefråværet er etter hovudstyret si oppfatning svært gledeleg. Husbanken bør følgje opp dei gode tiltaka som har medverka til dette, og kontinuerleg vurdere nye tiltak for å redusere sjukefråværet endå meir.

Fokus på energiøkonomisering - "Ein grøn Husbank"

Husbanken har sokjelyset på energiøkonomisering både i den eksterne og den interne verksemda. Eksternt blir det brukt ei rad verkemiddel for å prioritere energiøkonomiske bustader. Det er regionkontoret i Trondheim som har det nasjonale fagansvaret for energi og miljøarbeid i Husbanken. Internt er det etablert rutinar som fører til bevisste medarbeidrarar og lågare energiforbruk. Alle kontora har hatt kontakt med utleigaren for å redusere straumforbruket.



Regeringa har sett i verk prosjektet "Grøn stat" med sikt på at alle statlege etatar skal innføre eit miljøleiningssystem, og Kommunaldepartementet har etablert prosjektet "Grønt KRD", leidd av departementsråden. Husbanken skal i 2003 opprette prosjektet "Ein grøn Husbank", som skal kome med framlegg om innsparingstiltak innanfor områda energibruk, papirforbruk, avfallshandtering, innkjøp og transport. Styret støttar dette initiativet. Det er viktig at Husbanken, som profilerer seg når det gjeld miljø og energisparing i bustadsektoren, òg er miljøbevisst i eigne lokale.

Huskestua

28. og 29. november vart Huskestua arrangert på Lillestrøm. Arrangementet omfatta alle i Husbanken – både regionkontora og hovudkontoret – og var ein konferanse kombinert med felles julebord.

Målet for arrangementet var å styrke bedriftskulturen, gjere folk i banken kjende med kvarandre og styrke fagkunnskapen. Det faglege vart konsentrert rundt områda modernisering og kommunekunnskap.

Evalueringane i ettertid er eintydig positive, og det er brei semje mellom deltakarane om at arrangementet var veldig godt, og at det bør kome fleire slike felles arrangement for heile banken. Styret har merka seg at dette var første gongen sidan 50-årsjubileet i 1996 at heile organisasjonen var samla. Huskestua synest å vere ei riktig satsing på bedriftskultur og ein viktig oppstart i arbeidet med modernisering og omstilling. Styret har også merka seg den positive evalueringa frå deltakarane og støttar at slike fellesarrangement for heile organisasjonen blir tekne opp att når det er føremålstenleg.

11 Vegen vidare

Sterk posisjon i bustadpolitikken – godt grunnlag for vidare drift

Husbanken er det viktigaste verktøyet staten har for å gjennomføre bustadpolitikken. Hovudstyret er tilfreds med den sterke posisjonen Husbanken har hos dei politisk overordna styresmaktene, og gjennom mange år har banken opparbeidd ein solid posisjon mellom aktørane i bustadmarknaden. Det er gjennomført ei brei utgreiing om bustadpolitikken i NOU 2002: 2 Boligmarkedene og boligpolitikken, der det òg vart konkludert med at Husbanken framleis bør vere ein sentral aktør i offentleg bustadpolitikk.

Hausten 2003 vil kommunalministeren legge fram ei ny bustadmelding for Stortinget. Styret finn grunn til å tru at Husbanken framleis vil spele ei heilt sentral rolle i den offentlege bustadpolitikken. Det synest klart at Husbanken skal vidareutvikle dei selektive låne- og tilskotsordningane for å få til god bustadfordeling og butryggleik. Det er likevel eit ope spørsmål i kor stor grad Husbanken framleis skal fungere som ein generell bustadbank for å medverke til å nå målet om bustadforsyning.

Prioritering på kort sikt

Styret avventar den komande bustadmeldinga og vil på kort sikt prioritere desse hovudområda:

- Arbeidet med modernisering, forenkling av organisasjonen, verkemiddel og regelverk
- Bistå kommunane med startlånordninga og bustadsosialt arbeid
- Følgje opp arbeidet i kommunane med bustadsosiale handlingsplanar
- Gi utbetringslån til eksisterande bygningsmasse
- Gi oppføringslån til nybygging av små, berekraftige bustader i pressområda
- Gjennomføre kompetanseprogrammet i Husbanken, som starta opp i 2002, for å vidareutvikle personalet for å møte utfordringane med omstilling og modernisering.

12 Hovudstyret takkar

Husbanken har i 2002 vist seg å vere ein endringsdyktig og fleksibel organisasjon som er i stand til å tilpasse sin praksis til raske endringar i bustadsektoren. Dette er i samsvar med dei måla for verksemda som er nedfelte i den strategiske planen for Husbanken. Fullføringa av eldreplanen, vidareutvikling av bustøtteordninga og målretta bruk av låneramma er døme som viser at Husbanken følgjer opp måla i den strategiske planen på ein god måte.

Det er også grunn til å framheve det framtidsretta arbeidet som har vore gjort det siste året både når det gjeld intern organisering og verkemiddelutvikling. Organisasjonen ved hovudkontoret er forenkle, og teamarbeid er mykje nytta for å løyse viktige oppgåver. Samtidig blir dei kunderetta oppgåvene i stort mest mogleg grad delegerte til regionkontora. Styret ser dette som ei riktig utvikling og ei god oppfølging av regjeringa sitt moderniseringsprosjekt for offentleg sektor. Styret vil takke for den gode innsatsen medarbeidarane i Husbanken har gjort i 2002.

Barbro Lill Hætta Jacobsen

Rolf Myhre
Nesleiar

Heming Olaussen

Øystein G. Sjøtveit

Monica Mæland
Leiar

BALK Resultatrekneskap

		2002	2001	2000
1	Renteinntekter	1	5 859 312	5 400 038
2	Rentekostnader		5 912 870	5 468 827
	Netto rentekostnader		53 558	68 789
	Rentestøtte som er dekt av staten		-53 558	-68 789
3	Andre tilskot til bustadsektoren			
3.1	Bustøtte	2	1 788 793	1 790 393
3.2	Bustad- og miljøtiltak	3	907 425	709 423
3.3	Omsorgsbustader og sjukeheimspllassar		1 608 334	1 383 617
3.4	Kompensasjon for renter/avdrag	4	974 953	709 021
3.5	Bustadlauseprosjekt	5	10 612	5 810
	Sum		5 290 117	4 598 264
	Andre tilskot til bustadsektoren som er dekte av staten		-5 290 117	-4 598 264
4	Tilskot til skuleanlegg			
4.1	Rentekompensasjon	6	36 448	0
	Tilskot til skuleanlegg som er dekte av staten		-36 448	0
5	Administrasjonsutgifter			
5.1	Løn og godtgjersler	7	144 593	133 052
5.2	Varer og tenester		110 432	99 925
5.3	Større kjøp av utstyr		4 054	4 557
	Sum		259 079	237 534
	Administrasjonsutgifter som er dekte av staten		-259 079	-237 534
6	Driftsinntekter og diverse innbetalingar			
6.1	Andre driftsinntekter	8	53 427	50 625
6.2	Diverse refusjonar og innbetalingar	9	20 754	19 271
6.3	Renter av krav statskassen har		15 513	15 960
	Sum		89 694	85 856
	Driftsinntekter og diverse refusjonar og innbetalingar som er overførte til staten		-89 694	-85 856
7	Tap på utlån/engasjementer på det tidlegare SIFBO			
7.1	Netto konstaterte tap - belastet risikofondet	13	11 534	12 325
7.2	Drift/salg eiendommer tidl. Sifbo - overskudd	13	-5 107	-4 852
	Nettosum .		6 427	7 473
	Netto tap på utlån og engasjementer på tidligere SIFBO, som er belasta risikofondet		-6 427	-7 473
				-8 249

Balanse pr. 31.12.

EIGENDELAER				
Anleggsmidlar	10	3 463	4 351	7 131
Elgedommar	11	102 245 545	95 901 151	90 386 939
Ordinære løpende pantelån og gjeldsbrevlån	12	616	1 434	2 884
Utestående lån ved overtekne pant				
Sum anleggsmidler		102 249 624	95 906 936	90 386 454
Omløpsmidlar				
Forfalte, ikke betalte renter		101 137	101 339	89 786
Opprente, ikke forfalte renter		1 323 683	1 256 771	1 140 871
Andre kortsliktige krav		1 990	2 524	1 705
Innskot i norske banker		265 726	229 201	221 439
Kassebeholdning og innskot i Norges Bank		711	893	22 613
Sum omløpsmidlar		1 693 247	1 500 728	1 476 414
SUM EIGEDELAR		103 942 871	97 497 664	91 872 868
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Elgenkapital				
Grønnfond		20 000	20 000	20 000
Risikofond	13	145 726	152 153	159 626
Sum elgenkapital		165 726	172 153	179 626
Langsiktig gjeld				
Innlån fra staten	14	102 521 667	96 232 012	90 713 252
Kortsiktig gjeld				
I mellomrekning med statskassen		103 226	51 867	50 601
Anna kortsiktig gjeld	15	1 152 252	1 041 632	929 389
Sum kortsiktig gjeld		1 255 478	1 093 499	979 990
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		103 942 871	97 497 664	91 872 868
Garantiansvar for det tidlegare SIFBO pr. 31.12.		458	850	1 855
Tilsagde eller løyvde, men ikke utbetalte lån utgjorde pr. 31.12.02: 8 345 000 000 kroner				
Tilsagde eller løyvde, men ikke utbetalte tilskot utgjorde pr. 31.12.02: 5 486 000 000 kroner				

31. desember 2002

Oslo den 31. mars 2003

Barbro Hæta Jacobsen

Barbro Lill Hæta Jacobsen

Rolf Myhre

Rolf Myhre
Nestleiar

Heming Olaussen

Heming Olaussen

Øystein G. Sjøteit

Øystein G. Sjøteit

Monica Mæland

Monica Mæland
Leiar

Frank Lund

Frank Lund
Rekneskapssjef

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen for Husbanken er sett opp etter rekneskapsprinsipp som tilfredstiller dei krava som er stilte i lov og forskrifter for banken. Banken kjem ikkje inn under reknesakslova og reglane frå Kredittilsynet for bankrekneskap.

Framhaldande drift

Rekneskapen er gjeve under føresetnad om framhaldande drift av banken. Eventuell avvikling vil krevje politisk vedtak i Stortinget i samband med den årlege framlegginga og handsaminga av statsbudsjettet.

Renteinntekter og rentekostnader

Både renteinntektene og rentekostnadene blir tekne inn i resultatrekneskapen etter kvart som rentene blir opptente som inntekter eller blir pådregne som kostnader (periodisering).

Føring av andre inntekter og kostnader

Desse inntektene og kostnadene blir tekne inn i rekneskapen etter kontantprinsippet.

Overtekne eigedommar

Desse eigedommene er tekne inn i rekneskapen med overtakingsprisen på tvangsausjon. Eigedommene er ikkje nedskrivne til pårekna marknadsverdi på overtakingstidspunktet.

Tap på utlån

Banken utgiftsfører og tek med tap i årsrekneskapen først når tapet er endeleg konstatert. Det vil seie at tap blir registerter ved tvangssal og etter vidaresal av eigedommar som banken sjølv overtek ved tvangssal, og når oppgjaret er motteke. Ein vesentleg del av rekneskapsførte tap er renter fram til realisasjonstidspunktet.

Tapet blir tilbakeført dersom det blir gjort betalingsavtale og lånet påny er oppretta som ei ordinær fordring.

Banken tek ikkje med pårekna tap på overtakne eigedommar, krav om tvangssal og andre misleghaldne lån i årsrekneskapen. Det inneber at det i rekneskapen for banken ikkje er gjort berekningar og avsetninger for spesifiserte tap. Det er heller ikkje i årsrekneskapen gjort berekningar og avsetninger for uspesifiserte tap. For at ein skal kunne vurdere tapsrisikoen som ligg i utlånsporteføljen til banken, er det gitt kommentar til og opplysningar om misleghald, tvangsausjonar og liknande i meldinga frå styret og i delen om låneforvaltning.

Inntektsføring av renter på misleghaldne lån

Banken stoppar ikkje inntektsføringa av renter på slike utlån. Rentene blir rekna med og inntektsførte fram til tidspunktet for bokføring av konstatert tap.

Tilskot

Tilskot som blir avskrivne over åtte eller ti år, er lagde inn i bankens utlånsreskontro, men er frå 1997 tekne ut or balanseoppstillinga, slik at rekneskapen viser kor stor forvaltningskapitalen reelt sett er.

Tilbakebetalte bustadtilskot

